




**KIRKENS  
NØDHJELP**

Norwegian Church Aid  
Aide de l'Eglise Norvégienne  
Ayuda de la Iglesia Noruega

Finansdepartementet  
Avdeling for formuesforvaltning  
Postboks 8008 Dep  
0030 Oslo



Oslo 15. september, 2008

Deres ref.: 08/694 TM

Vår ref.: peb

## VEDR: HØYRINGSINNSPEL TIL REVIDERINGA AV DEI ETISKE RETNINGSLINENE FOR STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Kirkens Nødhjelp takkar for moglegheita til å koma med innspel i revisjonen av dei etiske retningslinene til Statens Pensjonsfond Utland (SPU).

Gitt storleiken på fondet og den aukande merksemda forvaltninga får, ikkje minst internasjonalt, vurderar me dette som eit sentralt politikkområde når det gjeld å møta klima- og miljøutfordringane og i kampen mot fattigdom.

## DET OVERORDNA PERSPEKTIVET

Per i dag vert størstedelen av overskottet frå olje- og gassproduksjonen kanalisert inn i SPU. Det overordna føremålet til fondet er som kjent å forvalta det (forbigåande) overskottet frå olje- og gassektoren slik at ein sikrar framtidige pensjonsutbetalingar og samstundes på ein måte som ivaretek interessene til framtidige generasjonar.

Dei to hovudprinsippa som ligg til grunn for dei etiske retningslinene er sentrale prinsipp som må vera viktige berygelkar ogso for det vidare arbeidet:

- Å sikra ei god langsiktig avkastning for framtidige generasjonar
- Å unngå medverknad i grove brot på etiske normer

Kirkens Nødhjelp vil ikkje utfordra desse prinsippa forvaltninga av SPU, men finn det uheldig at so godt som heile olje- og gassoverskottet vert kanalisert i dette eine fondet.

Graver-utvalet<sup>1</sup>, som la grunnlaget for dei etiske retningslinene me har i dag, nyttar omgrepet "overlappande konsensus" som eit uttrykk for at retningslinene bør formulerast slik at dei tek omsyn til både det pluralistiske Noreg av i dag og til det ein antok ville vera interessene til framtidige generasjonar. Gitt den historiske og notidige styrken til Noreg sitt engasjement i kampen mot fattigdom, stiller Kirkens Nødhjelp seg tvilande til at det er etisk forsvarleg å forvalta overskottet i "AS Noreg" med einaste føremål å sikra framtidige generasjonar av nordmenn eit enno betre utgangspunkt enn dei elles ville fått. Tanken om alle menneske sitt likeverd er eit berande prinsipp ogso i det norske samfunnet, men gjeld dette berre norske statsborgarar? Visjonen om likeverd til alle

<sup>1</sup> NOU 2003:22 Forvaltning for framtiden

menneske er ein slik overlappende konsensus som bør gje inspirasjon til ei meir solidarisk forvaltning.

Investeringar er motoren i økonomisk vekst. Difor er me glade for at referanseportefølja til SPU nyleg vart utvida til å gjelda alle framveksande økonomiar<sup>2</sup>, haka ved dette er at dei berre når dei rikaste av dei fattigare landa. T.d. inkluderar dette p.t. berre Sør Afrika og Egypt i Afrika, noko som ekskluderar dei andre 51 landa i verdsdelen. Me har då den paradoksale situasjonen at ein roseplantasje i t.d. Kenya, eigd av ein kenyanar og notert på børsen der, er utanfor investeringsuniverset til SPU. Dersom eit selskap notert på børsen i Stockholm derimot skulle eiga den same plantasjen, er den innanfor. Er dette ei rett forvaltning av våre felles verdier?

Gitt den aukande rikdommen i Noreg bør eit overordna etisk prinsipp for forvaltninga av våre felles verdier vera, i tillegg til dei to skissert ovanfor, at dei i sum bidreg til å redusera skilnaden mellom rike og fattige.

Graver-utvalet sler fast at forvaltninga av SPU ikkje er eit egna instrument til å ivareta alle etiske plikter det norske folk har, noko me seier oss samde i. Forvaltninga av SPU vil slik den ligg i dag i liten grad bidra til direkte investeringar i fattige land, noko som er sårt tiltrengt i kampen mot fattigdom. Rapporten frå Utviklingsutvalet<sup>3</sup> tek, med tilsvarande argumentasjon, til orde for at det i løpet av ein femårsperiode byggjast opp eit fond på rundt 10 milliardar kroner til investeringar i låginntektsland<sup>4</sup>. Verdikommisjonen tek i sin sluttrapport<sup>5</sup> til orde for ei liknande tilnærming når dei går inn for at 10% av avkastinga til fondet skal gå til investering i fattige land.

***Kirkens Nødhjelp tilrår at tilsvarande 1 % av verdiane i SPU vert kanalisert inn i eit fond for investeringar i låginntektsland, med hovudvekt på Afrika. Norfund, med dertil relevant kapasitet og kompetanse, vil vera ein naturleg forvaltar av desse midla.***

## MEDVERKNADSPRINSIPPET OG AKTIVT EIGARSKAP

I arbeidet til Etikkrådet står prinsippet om å unngå medverknad til grove / uakseptable brot på sentrale menneskerettar heilt sentralt. Fram til no har operasjonalisering av dette vore gjort gjennom to mekanismar; negativ filtrering og uttrekk basert på individuelle vurderingar.

Kirkens Nødhjelp stiller seg fullt ut bak tanken om at det er både sektorar og einskildverksemdar som er av ein slik art at me ikkje kan ha investeringane våre der. Produksjon av klasevåpen og gruveselskap som raserar lokalmiljøet utan vilje til å rydda opp etter seg er døme på dette. Uttrekk med påfylgjande utelukking frå investeringsuniverset er dermed konsekvensen.

Biletet er imidlertid noko meir komplisert enn dette. Det overordna målet med bruken av dei etiske instrumenta må vera at desse bidreg til endra praksis i retning av eit meir

---

<sup>2</sup> Definert av FTSE: [http://www.ftse.com/Indices/FTSE\\_Emerging\\_Markets/index.jsp](http://www.ftse.com/Indices/FTSE_Emerging_Markets/index.jsp)

<sup>3</sup> NOU 2008:14 Samstemt for utvikling?

<sup>4</sup> Ibid kp 5.6.2

<sup>5</sup> Ref

ansvarleg næringsliv. Dette berører samspelet mellom den aktive eigarskapen og rolla til Etikkrådet, noko som ogso Albright-rapporten peikar på<sup>6</sup> vert eit viktig tema framover.

Uttrekk er eit tydeleg signal om at ein har gått over ei grense for uakseptabel åtferd. Det me imidlertid ikkje må gløyma er det medansvaret som me som eigarar har for å sikra at interessene til ofra vert tekne vare på. Er det god etikk i å hevda at uttrekk / sal av aksjar i eit selskap frittek oss frå ansvar for konsekvensane av handlingar som er gjort medan SPU var inne på eigarsida?

Kirkens Nødhjelp har ved fleire høve teke til orde for at SPU må trekka seg ut frå selskap som driv grovt uetisk. Me vil likevel påpeika ein fare som ligg i å fokusera for mykje på uttrekk som verkemiddel. For å bruka gruveindustrien som døme, er konsekvensane av dumping av gruveslam med tilhøyrande øydelegging av nærmiljø og vatn i ulike former, handlingar med ofte sær sars langsiktige konsekvensar. Er det då forsvarleg frå eit etisk synspunkt å overlata dei som vert ramma til seg sjølve? Eller å overlata oppryddinga til andre, mindre (?) etisk medvetne eigarar?

Dette er ei kompleks problemstilling der ein på den eine sida må halda fast på at SPU so langt som mogleg skal unngå å medverka til *"..uakseptable og vedvarande brot på menneskerettane"*. På den andre sida, må me vakta oss for me at i arbeidet for å hindra at pengane våre skal vert tent grovt uetisk vis gløymer dei som vert skadelidne av denne verksemda. Me er samde med Albright-rapporten i at ein for å koma vidare i dette arbeidet, må sjå nærare på skiljet mellom utøvinga av den aktive eigarskapen og Etikkrådet sitt arbeid. I denne samanhang vil det måtta bety at ein i potensielle uttrekksaker må vera særleg merksam på det ansvaret selskapet, og dermed eigarane, har for å ivareta interessene til dei skadelidne, anten det gjeld befolkninga direkte eller gjennom degradering av miljøet. Dette fordrar retningslinjer og adekvate ressursar som integrerar dette omsynet.

Den høgst aktuelle debatten knytta til uttrekk eller aktivt eigarskap i Monsanto understrekar ein av hovudutfordringane med eigarskapsutøving; mangelen på klare og målbare mål, noko som ogso Albright Group sin rapport påpeikar. Me stiller oss bak tilrådingane der og oppmodar SPU til å arbeida målretta med å definera klare indikatorar, inkludert tidsperspektivet, for å måla resultatane av den aktive eigarskapen. I dette arbeidet vil det vera viktig med innspel og deltaking frå ulike interessentgrupper, inkludert sivilsamfunnsorganisasjonar.

Eit anna viktig punkt går på verifisering av faktiske endringar. Her er me av den oppfatting at ein må bruka ulike verkemiddel. I tillegg til planlagde og ikkje planlagde vitjingar frå eigarane si side, er det naudsynleg med uavhengige tredjeinstansar for å verifisera at informasjonen frå selskap om forbetra praksis er påliteleg.

Gitt storleiken og omdømet til SPU vil eit godt gjennomført arbeid her kunna få store ringverknader internasjonalt.

---

<sup>6</sup> [http://www.regjeringen.no/upload/FIN/Vedlegg/aff/Albright\\_Group\\_Ethical\\_Guidelines.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/FIN/Vedlegg/aff/Albright_Group_Ethical_Guidelines.pdf)

**Kirkens Nødhjelp meiner** at retningslinjene som ligg til grunn for den aktive eigarskapen bør utvidast til å inkludera eit prinsipp om at NBIM i utøvinga av den aktive eigarskapen må arbeida for at selskap i portefølja kompensere for skadeverknader på menneske og miljø som fylgje av verksemda.

### **Kirkens Nødhjelp tilrår**

- at ein legg til rette for større grad av informasjonsutveksling og samhandling mellom Etikkrådet og Noregs Bank både i einskildsaker og av meir strategisk art;
- at det etablerast målbare indikatorar for progresjon i arbeidet med selskapsdialog;
- aktiv bruk av uavhengig tredjepart for å verifisera endringar i selskapspraksis.

## **OPENHEIT OG AKTIVT EIGARSKAP**

Frå eit risikohandteringssynspunkt vil tilgang til meir og betre informasjon alltid vera av det gode. Dess meir og betre informasjon, dess betre grunnlag har investor for å ta ei god avgjerse.

Frå ein etisk synsvinkel er ogso informasjonstilgang eit sentralt prinsipp. Flytting av store pengesummar vert gjort i det skjulte, med tap av viktige skatteinntekter for land med stor fattigdom som resultat. Me snakkar om so mykje som USD 60 milliardar kvart år i tapte skatteinntekter som fylgje av urimeleg internprising og overfakturering<sup>7</sup>. Manglande openheit legg til rette for korrupsjon, motarbeider demokratisk kontroll med felles ressursar og er eit viktig hinder i kampen mot fattigdom. Bruken av skatteparadis, med fiktive og skjulte selskapsstrukturar er ein sterkt medverkande faktor til den store lekkasjen av verdiar som går frå Sør til Nord. I kampen for å tiltrekka seg utanlandske investeringar har mange fattige land innført sjenerøse skatteregime for utanlandske selskap, ofte nedfelt i konfidensielle kontraktar. På dette området ser me ei utvikling i retning av eit sterkare press, ogso frå styresmaktene nasjonalt, til å revurdere skattepolitikken for å sikra at ein rimeleg del av inntektene frå utvinningsindustrien vert verande i landet. Dette er ei utvikling Kirkens Nødhjelp arbeider aktivt for å støtta opp om, men her er det sterke krefter som står mot kvarandre. Frå ein etisk synsvinkel bør eit minstekrav vera at selskapa publiserar det dei betalar i skattar og avgifter til vertslandet samt rekneskap på landnivå for kvart land dei opererer i. Dette er i tråd med prinsippa som ligg til grunn for Extractive Industries Transparency Initiative<sup>8</sup> (EITI) samt det pågåande arbeidet i den internasjonale rekneskapsstandarden IASB.

Me meiner ogso at SPU bør ta dette eit steg vidare. Sjølv om ein hadde hatt full openheit om skattebetalingar ville ein i mange land i dag hatt ein situasjon der fordelinga av overskottet frå utvinninga av naturressursar ligg tett opp til det ein kan kalla plyndring av felles ressursar. Profittmaksimering og kostnadsminimering er to sider av same sak, dette inkluderar ogso minimering av skatteinnbetalingar. Utan å gå nærare inn på kva som frå ein moralsk synsvinkel er eit "rimeleg skattenivå" vil me oppmoda SPU til, på same måte som i klima- og miljøspørsmålet, å arbeida for at selskapa i porteføljen ikkje utøver utilbørleg press på styresmaktene i skattespørsmålet. Her er det store interesser

<sup>7</sup> "Death and taxes", Christian Aid 2008:

<http://www.christianaid.org.uk/getinvolved/christianaidweek/cawreport/index.aspx>

<sup>8</sup> [www.eitransparency.org](http://www.eitransparency.org)

involvert og openheit rundt denne typen myndigheitskontakt vil vera eit viktig bidrag i å redusera moglegheitene for korrupsjon. Me vil i tillegg påpeika at ein meir rettferdig, og konsensuert, skattepolitikk vil redusera faren for dramatiske politiske omveltingar og dermed redusera den langsiktige finansielle risikoen. Dette punktet berører også i høgste grad behovet for koherens i norsk politikk; auka skatteinngang kombinert med støtte til styrking av nasjonal kapasitet til skatteinnkreving og forvaltning gjev heilt andre perspektiv for ei berekraftig og bistandsuavhengig framtid for mange land.

I høyringsnotatet finn me fylgjande utsegn:

- "Forpliktelsene til å bruke fondet som virkemiddel blir sterkere der forholdene ligger særlig til rette for bruk av fondet til å oppfylle etiske krav."
- "Det er likevel et spørsmål om selskapers åpenhet om inntekstrømmer og skatteforhold kan fremmes på en meir systematisk måte i eierskapsarbeidet."

### **Kirkens Nødhjelp meiner at**

- SPU bør støtta aktivt opp om etableringa av ein internasjonal rekneskapsstandard som krev land-til-land rapportering for alle børnoterte selskap;
- SPU bør forventa full openheit om selskapsstruktur, inkludert etableringar i skatteparadis, frå alle selskap i portefølja;
- SPU bør krevja aktiv tilslutning til EITI frå alle selskap i utvinningsindustrien.
- SPU bør arbeida aktivt for å få slutt på utilbørleg politisk press frå selskap i skattepolitiske saker.

### **Kirkens Nødhjelp tilrår at**

- SPU utarbeider ein "Investors expectation on transparency" basert på
  - land-til-land rapportering i tråd med arbeidet for ny rekneskapsstandard innanfor IASB;
  - EITI- prinsippa for selskap i utvinningsindustrien;
  - openheit om selskapsstruktur, inkludert registrering i skatteparadis;
  - openheit i myndigheitskontakt på det skattepolitiske området.
- Finansdepartementet / SPU legg til rette for ein open og deltakande prosess i utforming og implementering av målbara kriteria for evaluering av den aktive eigarskapen
- SPU arbeider aktivt for at selskapa i portefølja ikkje aktivt motarbeider revisjon av nasjonale skattesystem innanfor eit rimeleg skattenivå

## **ARBEIDSTAKARRETTAR OG AKTIVT EIGARSKAP**

**Kirkens Nødhjelp tilrår at SPU, i tråd med prinsippa i FNs Global Compact, uttrykkjer klare forventingar til at selskap i portefølja etterlever ILO sine kjernekonvensjonar for arbeidstakarrettar og har rutinar for å kontrollera dette .**

## **KLIMA OG MILJØ**

Klima- og miljøproblematikken er utan tvil ein av dei aller viktigaste utfordringa verda står overfor. Sett i ljøs av det langsiktige perspektivet til SPU, inkludert fokuset på framtidige generasjonar, er det liten tvil om at særleg klimaspørsmålet er eit sentralt området. Både etisk og reint finansielt, noko finansminister Kristin Halvorsen har understreka ved fleire høve.

Den sokalla Stern-rapporten konkluderar med at me, dersom ikkje effektive tiltak vert iverksett, står overfor ein reduksjon i globalt BNP på mellom 5 og 20% i eit 30-50 års perspektiv. Å ikkje ta dette på alvor er både finansielt og etisk uforsvarleg. Det faktum at formua vår er bygd på inntekter frå ein sektor med sterke negative klimaeffektar, gjev oss eit ytterlegare moralsk ansvar i denne samanhengen.

Som dei etiske retningslinene understrekar, vil den langsiktige avkastinga til fondet mellom anna vera avhengig av ei sosialt og miljømessig berekraftig utvikling globalt sett. Me ser allereie dei fyrste teikna til at klimaendringane truar dei eksistensielle livsvilkåra for milliardar av menneske rundt om i verda, og dersom me ikkje maktar å reversera dette risikerar me at svolt, vassmangel, naturkatastrofar og ekstremvær i aukande grad vert kvardagen for store delar av befolkninga. Kampen om stadig knappare ressursar vil vera indirekte konsekvensar av global oppvarming, med auka konfliktnivå som sannsynleg resultat. Etterspurnaden etter energi er ein viktig del av dette biletet, noko som tilseier at arbeidet for å utvikla alternative berekraftige energikjelder i både sosial og økologisk forstand er heilt sentral.

Positiv filtrering er per i dag eit verkemiddel SPU ikkje nyttar, men me vil argumentera sterkt for at dette vert innført for å fremja miljø- og klimavenleg teknologi. Me stiller oss bak konklusjonen i rapporten frå Utviklingsutvalet om at ein vesentleg del av investeringane mot positiv filtrering på fornybar energi og relevant klimateknologi.

***Kirkens Nødhjelp tilrår at ein gjennom positiv filtrering fremjar utvikling av miljøvenleg teknologi og alternative energikjelder. Dette bør ha som mål at minst 10 % av fondet er investert i denne sektoren i løpet av ein femårsperiode.***

## TOBAKK OG ALKOHOL

Kirkens Nødhjelp stiller seg bak kravet om at tobakksindustrien må ekskluderast frå investeringsuniverset til SPU. Det liten tvil om at denne sektoren påfører mange menneske store helseskader, ikkje minst er den sterke veksten tobakksrøyking i fattige land urovekkjande. Den ferske rapporten "On the global Tobaccoepidemic, 2008<sup>9</sup>" syner ogso korleis dei store tobakkselskapa, gjennom joint ventures, oppkjøp og liknande metodar, omgår den meir restriktive lovgjevinga i heimlandet. Tobakkselskapa presser styresmaktene i den fattige delen av verda til å ikkje driva aktiv kontroll av tobakk og til å ikkje auke skattenivået.

På same måte som tobakksindustrien påfører helseskader er ogso alkoholindustrien i same bås. Alkohol er ei av dei viktigaste årsakene til kreft og ei rekke andre sjukdommar og helseskader. I eit fattigdomsperspektiv ser Kirkens Nødhjelp det som særskilt viktig at Finansdepartementet ser nærare på dei helsemessige og sosioøkonomiske konsekvensane alkoholforbruket har både på individ, mikro og makronivå. Det er særleg alarmerande å konstatera at delar av alkoholindustrien ikkje berre nyttar aggressive og utilbørlege marknadsføringstrategiar i fattige land, men ogso nyttar direkte villeiande informasjon om skadeverknadene. Kirkens Nødhjelp vil særleg retta søkelyset mot den etablerte samanhengen mellom alkoholbruk og vald, spesielt kjønnsbasert vald. Verdas helseorganisasjon har mellom anna på oppmoding frå Verdsbanken arbeidd med å dokumentera helserisiki knytta til alkoholbruk globalt og me oppmodar Finansdepartementet til å gjera ein løpande vurdering av kva kriterie som bør leggest til grunn for SPU sine investeringar i alkoholindustrien.


---

<sup>9</sup> <http://www.who.int/tobacco/mpower/en/>

**Kirkens Nødhjelp tilrår**

- at tobakksindustrien ekskluderast frå investeringsuniverset til SPU;
- at Finansdepartementet utarbeider klare etiske kriterie for SPU sine investeringar i alkoholindustrien, både når det gjeld utøvinga av aktivt eigarskap og uttreksmekanismen.

Med venleg helsing  
Kirkens Nødhjelp



Atle Sommerfeldt  
Generalsekretær